

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr. 36

Herad: Avaldsnes

Emne: Helsing Fakter, åtferd.

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie
64 år

Gard: Skeie

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 24 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

1 - 3 .

Framleis er det skikk (uskikk) at det skal gjerast eitt eller anna "storverk" natta til nyttårsdag. Dersom ungdomen har noko uteståande med ein eller annan, vert det gjerne oppgjort ved at dei gjer ei eller anna "pretta" med han den kvelden. Det kunne vera ei kjerra eller stokkar eller anna oppetter döra, Det kunne også vera t.d. eit vatskjerald som vart sett slik at det fossa innover når döra vart lukka opp. Det kunne såleis vera påfunn av dei mest utrulege slag.


Mens det tidlegare meir berrsynt var "betaling" for eitt eller anna, at slikt vart gjort, er det etter kvart vorte til berre vanlege "rampestreker" vanlegvis utan anna føremål enn at det "må noko gjerast". Mellom dei unge har det ofte gått det ordelaget at det nyttårsafta var "lovleg" å gjera kva vondt dei ville. Etter kvart har dei fått erfara at dette ikkje er så, og det må vel helst seiast at denne uskikken etter kvar held på å koma bort.

Eg har aldri høyrte at det har vorte opfata som "æresbevisning" å verta utsett for noko liknande.

4 - 6

Om dette har eg ikkje anna å seie enn at den som ikkje fekk noko "nytt" til jul, måtte "bera verahodne" og det var stor skamm. Det skulle ikkje alltid så mykje til av nytt. Best var det sjölvsagt for dei som var så heldige at dei kunna tr ppa opp i helt nye klær, men det var nok ikkje så mange. Eit par nye sokkar og til nød eit nytt lommaplagg kunde vera nok til at ein slapp bera verahodne.

Avaldsnes den 2/5 1958


Peder Skeie